




BRUK AV ASPIT MEET VIDEOKONSULTASJON



Personvern

Denne videoløsninga er integrert i lege- og journalsystemet Psykbase og er på sikkerhetsnivå 4. Vi brukar di registrerte e-postadresse for å sette opp og gjennomføre videosamtalen. Sjølve videosamtalen er kryptert på høgt sikkerhetsnivå og blir ikkje lagra verken på Internett, eller på serverar. Det er dei same reglane for taushetsplikt i helsepersonellova som gjeld, og journalnotat blir skreve som ved vanleg oppmøte.

Praktisk informasjon om oppkobling

Dette trengs for videokonsultasjon:

- PC, nettbrett eller smarttelefon med webkamera og mikrofon
- Hodetelefonar eller høgtalar i PC/nettbrett/smarttelefon
- God Internettilkobling
- Personleg e-postadresse
- Om du ikkje har e-postadresse, kan vi sende lenke på SMS, men da må du skrive lenka inn i nettlesaren din (eller kopier og lim inn)


Kva du bør tenkje på før videokonsultasjon:

- Sjekk Internett-tilkoblinga til PC, nettbrett eller smarttelefon og er knytt til eit sikkert nettverk (sikra nett, ikkje usikra nett på flyplass, båt eller liknande)
- Sjekk gjerne bilde (kamera på front) og lyd (mikrofon og høgtalar/hodetelefon)

OPPKOPLING TIL VIDEOKONSULTASJON

Marit sender lenke på e-post ca. på det tidspunktet avtalen startar.

Klikk på lenka i e-posten - og dette skjermbildet kjem opp:



Klikk på **<Pasient>** for å komme inn i «venterommet»


Skriv inn fullt navn, fyll inn telefonnummer og klikk på **<Neste>**

Gå gjennom spørsmål om bilde og lyd og bekreft **<Ja, gå videre>** eller **<Nei, hjelp meg>**
Om bilde og lyd fungerer, klikk på **<Ja, gå til møte>**.

Marit får melding på skjermen at du er i «venterommet» (skjermbilde under), og vil koble opp når ho er klar til å ta samtalen med deg:



Når du er komme inn i «**venterommet**», VENT til Marit ringer deg opp (ikkje klikk Avbryt)



Når Marit ringer, klikk på det grønne telefonsymbolet og du er inne i videokonsultasjonen!